



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Ungdomsrådet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	27.02.2026
Tid	Kl. 14:15 - 17:00

Følgjande medleamar møtte

Frå

Amalie Rønne Holtan
Eivind Kristoffer Sandnes
Hjalmar Lothe
Ingeborg Dyrnes
Ingvar Ommedal Aa
Jaroslav Hotsuliak
Kari Angelika Mjellem
Karl-Emil Gade Østerbye
Lea Kristine Skarrebo Myklebust
Malene Henden Fridtun

Forfall/møtte ikkje

Frå

Følgjande varamedlem møtte

Frå

Odd Andre Olsen

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
007/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
008/26	Referat og orienteringssaker
009/26	Barnetråkk på ungdomsskulen?
010/26	Lokal transportplan - har de innspel?

007/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Ungdomsrådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 30. januar.
2. Ungdomsrådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 27. februar.

Ungdomsrådet 27.02.2026:

Behandling

UNG- 007/26 Vedtak

1. Ungdomsrådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 30. januar.
2. Ungdomsrådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 27. februar.

008/26: Referat og orienteringssaker

Ungdomsrådet 27.02.2026:

Behandling

c. Åslaug viste fram utstyret med oppmoding om å vere flinkare til å få ut info om ungdomsrådet og kva saker de behandlar.

d. Vi gikk gjennom brevet og ungdomsrådet godkjente det. Åslaug sender det til skulane.

e. Kommunalsjef oppvekst, Per Arne, orienterte om kvifor vi treng forsterka hybel, og ulike måter det kan gjerast på. Det kan til dømes vere at ein gjer avtale med hybelvert om litt ekstra tilsyn, at ein har ein tilsett som reiser rundt og følgjer opp eller at ein har fleire hyblar i lag der det er vaksne til stades, nesten som eit internat. Ungdomsrådet meiner det er eit godt forslag, og at elevrådet på Firda VGS bør få diskutere det. Det står i oppvekstplanen at vi skal jobbe meir med dette, så ungdomsrådet vil få saka tilbake og det er naturleg å involvere elevrådet på Firda VGS då.

h. Ungdomsklubbar kan søke midlar andre plassar, td sparebankstiftinga, andre bankar og prosjektmidlar. Elevråd har ikkje høve til å søke på sånt, fordi dei er ein del av skulen. Derfor skal dei 50 000 kr setjast av til elevråda.

Kva skjer i elevråda?

Elevrådet på GU: Malawiveka var kjekk. Elevane fekk samarbeide på tvers av klassane, noko elevane har hatt lyst til lenge. Det kom inn rekordmykje pengar til skulen i Malawi.

UNG- 008/26 Vedtak

- a. Alle tar opp rusfri 16. mai i elevråda sine, og spør om nokon vil vere med å planlegge. Elevrådsrepresentantane kan spørje i kvar klasse. Ingeborg og Amalie møter Åslaug på torsdag etter

skulen for å lage ein video til TikTok for å få med nokon. Eivind spør om sal og scene vil spele, - kanskje noko frå UKM.

b. Forslag til filmar på ungdomsfredag: Kraken, Min første kjærlighet

c. Ungdomsrådet tok saka til orientering

d. Vi gikk gjennom brevet og ungdomsrådet godkjente det. Åslaug sender det til skulane.

e. Ungdomsrådet tok saka til orientering, og ønsker at elevrådet på Firda VGS skal involverast.

f. Ungdomsrådet er samd i at vi delar UngJobb-prosjektet i to delar, som beskrive i pkt f.

g. Ungdomsrådet vil bruke dei 5000 kr dei har sett av til workshops i samband med UKM.

h. Vi skal lyse ut 50 000 kr frå UngEng-prosjektet på same måte som vi har gjort før, men no skal berre elevråda kunne søke. Åslaug sender utlysing på vegne av ungdomsrådet.

009/26: Barnetråkk på ungdomsskulen?

Ungdomsrådet 27.02.2026:

Behandling

Vi kan kalle det barne- og ungdomstråkk. Da blir dei locka inn! (Sekretæren veit ikkje kva dette betyr, men håpar at det er positivt) Kommunen har brukt for innspela deira!

UNG- 009/26 Vedtak

Ungdomsrådet ønsker at vi skal gjere eit nytt forsøk med barnetråkk på ungdomstrinnet.

010/26: Lokal transportplan - har de innspel?

Ungdomsrådet 27.02.2026:

Behandling

UNG- 010/26 Vedtak

Ungdomsrådet meiner det trengs mykje meir offentleg transport, spesielt i helgane. Nokre plassar går det buss på ettermiddag og helg, andre plassar berre skulebuss. Det bør vere høve til å reise med buss i heile kommunen. -Til dømes ein buss til Hyen på kveldstid. Nokon avgangar kjem tett, andre gongar er det langt mellom kvar. Ungdomsrådet ønsker at det var jamnare fordelt.

Trafikkfarlege plassar:

Bunnpriskrysset, her er det farleg i "morgonrushet". Det er uklart om det er eit krysningpunkt her

eller ikkje, og det opplevast utrygt.

Flølokrysset(? - Må sjekke at vi snakkar om same kryss!) Lyd frå elva gjer at ein ikkje høyrer bilane, her kune det godt vore eit speil!

Dei som har lese heile møteboka kan sende Åslaug ei melding (sms, messenger eller e-post) og få ein premie på neste møte.

Skuleveg i Breim, sjå barnetråkk.